



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Knut Helge Olsen / 55516534 Vår referanse: 16/2540-2 Deres referanse: Vår dato: 07.01.2016

Endra bruk Kolltveittunnelen Rv.555

I miljø og samferdsleutvalet/ Hordaland fylkeskommune stilte representanten Geir Angeltveit (V) fylgjande spørsmål i møte 11. november 2015:

Kan ein sjå på høve til å nytta Kolltveittunnelen til gong- og sykkelveg?

Kolltveittunnelen er ein tunnel på riksveg 555 i Fjell kommune. Den er 1 070 meter lang og blei opna i 1992. Tunnelen leiar trafikk til/frå Store Sotra og Øygarden til/frå Litlesotra og Bergen og har i dag ein årsdøgntrafikk på omlag 19 500 kjøretøy. I dag er ikkje tunnelen tilpassa mjuke trafikkantar, mellom anna er det ikkje lagt til rette med fortau. Med dagens biltrafikk er det ikkje tilrådeleg å nytta tunnelen som gong- og sykkelveg.

I samband med planlegginga av nytt Sotrasamband har spørsmålet om å nytta Kolltveittunnelen som gong- og sykkelveg vore diskutert i planprosessen. Fleire tilhøve har gjort det uråd å tilrå tunnelen som gong- og sykkelveg no. Mellom anna ville tunnelen vorte ein av dei ti lengste gong- og sykkelvegane i verda, og det er hefta stor usikkerheit til kva krav som kan kome til utforming/utrusting av slike lange gong- og sykkelvegtunnelar. Det er heller ikkje i dag trafikktalet med mjuke trafikkantar på strekninga som kan forsvare kostnadar med ein eventuell omlegging til endra bruk. Dette kan sølvsagt endre seg i takt med utbygginga av kystbyen Straume/Bildøyna og Kolltveit vest.

Det er difor ikkje planar om ny bruk av tunnelen knytt til nytt Sotrasamband. Den blir sikra for å hindre uønskja bruk, men det vil ikkje blir gjort noko som kan hindre framtidig bruk av

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Kolltveittunnelen som gong- og sykkelveg. Det vil i framtida vere relativt enkelt å knyte tunnelen, på både sider, til gong- og sykkelvegnettet som planleggjast i tilknytning til nytt Sotrasamband.

I samband med planlegginga av bybanen mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen vil det bli gjort vurderingar knytt til sykkeltunnel gjennom Løvestakken. Kunnskapen hausta frå dette prosjektet vil truleg gje betre planleggingsgrunnlag for ein eventuell framtidig bruk av Kolltveittunnelen som gong- og sykkelveg.

Vegavdeling Hordaland

Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Olsen Knut Helge
Seniorrådgjevar

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Samferdselavdelinga Hordaland Fylkeskommune Postboks 7900,
5020 BERGEN

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håandskrevne signaturer.